

Ordens- og åtferdsreglar for skulane i Suldal

Alle har ansvar for å hjelpa til å skapa eit godt læringsmiljø, der alle viser respekt for og omsorg for kvarandre.

Ordens- og åtferdsreglane gjeld i skuletida, på skulevegen, på SFO og ved arrangement under leiing av skulen.

Ordensreglementet er heimla i opplæringslova:

§ 9 A-10. Ordensreglement

Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskole, og fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skole.

Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.

Skolen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkjande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i forvaltningsloven § 38 første ledd bokstav c om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Kommunestyret har delegert vedtaksretten i § 9 A-10 til rådmannen, som har delegert vidare til rektor ved skulen.

§ 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Orden

Elevane skal ha god orden.

Det er god orden å:

1. møta presis til undervisning og andre avtalar
2. vera førebudd til undervisninga og ha med seg det utstyret og kledda ein treng
3. gjera skulearbeid innan fastsett tid
4. ha skulesakene i orden
5. levera søknad om eller melding om alt frávær frå dei føresette

Åtferd

Eleven skal ha god åtferd.

Det er god åtferd å:

1. visa folkeskikk, opptre høfleg og respektfullt ovanfor alle andre ved skulen.
2. halda god arbeidsro
3. oppføra seg slik at ein ikkje på nokon måte krenkar andre, driva med hardhendt eller farleg leik eller på annan måte skadar seg sjølv og andre
4. ta godt vare på skulebøker, anna undervisningsmateriell og all eigedom som høyrer til skulen eller medelevar
5. vera på skulen og skuleområdet
6. ikkje røyka, snusa eller vera påverka av andre rusmiddel
7. ikkje ha snop, brus eller energidrikk med på skulen om ikkje anna er avtalt
8. bruka skulen sine læringsbrett og internett i samsvar med underskriven avtale
9. alltid spør om lov til å ta bilete, film eller lydopptak og fortelja kva du skal bruka det til
10. ha mobiltelefonar/smarttelefonar, avslått og ikkje synleg i skuletida dersom ikkje anna er avtalt med lærar
11. ikkje ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område
12. ikkje fuska eller forsøka å fuska på prøvar eller innleveringar
13. retta seg etter det den vaksne seier

Tiltak ved brot på ordens- og åtferdsreglane

- Munnleg påtale frå lærar/inspektør/rektor
- Melding heim

- Elevar kan takast ut av gruppa, eller byta klasse, for kortare eller lengre tid. Elevar kan og måtte ta friminutt til andre tider enn det oppsette, for kortare eller lengre tid.
- Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor bestemma at lærarane har munde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokkeimar. Foreldra til elevar på barnetrinnet skal varslast før det vert sett i verk bortvising for resten av dagen (jamfør Opplæringslova § 9A-11)
- Elevar visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar på 1. til 7. årstrinn kan visast bort for enkeltimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. årstrinn kan visast bort for opp til tre dagar.

- Ved uvørden skade på hus, inventar, læringsbrett m/tilhøyrande utstyr eller anna læremateriell, må ein rekna med å erstatta heile, eller delar av skaden (inntil kr 5 000,-). Ein elev som øydelegg noko med uvørden framferd, kan bli sett til å reparera bøker/materiell/inventar. Reparasjon bør gå føre seg utanom skuletida.

Før det blir gjort vedtak om bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak. Foreldra skal varslast før ein elev på 1. til 7. årstrinn blir bortvist for resten av dagen. Uttalerett gjeld i høve til alle slags refsingstiltak.

Sist revidert i rektormøte 20. September 2019